

**Sundag klokka 16 går turen atter til Helgheim for mange:
Då startar den årvisse basaren for skulemusikken og den
fristar i år med ei imponerande liste med 31 gevinstar.
toppa av ei dokke med kle laga lokalt.**

**Vidare fristar desse
gevinstane:**

Hårklypp, blom, EU-kontroll, sitteunderlag,
gåvekort, eletrisk bilbane, servise, trassevarmar, knivsett,
gardintrapp, duplolego, lego, symaskin, skateboard, spekepølsa,
startkablar, røykelaks, servringsbrett, kakegåvekort, treningsbag,
hardangerbestikk, armbånd, pannebånd, fotball og kaffe!

Her er det sanneleg noko for einkvar smak og kanskje kjem det
inn meir enn 40 000 i år til eit korps som er i medvind etter ei
tung tid. I alle fall er det vårt inntrykk av at korpsentusiastane har
gjort ein heilhjarta innsats med sal av lodd på bygda og SPAR.

Ta ein tur til Helgheim, men møt i god tid for det heile startar som
vanleg med ein minikonsert.

Av Ola Matti Mathisen